

# Halling- lyom



Dagsblad for Hallinglaget ~ i Oslo ~

NR. 1/24

## INNHALD

<b>Innhaldsliste</b>	<b>side</b>	<b>3</b>
<b>Fyriord</b>	<b>side</b>	<b>4</b>
<b>Innkalling til årsmøte</b>	<b>side</b>	<b>5</b>
<b>Årsmelding for Hallinglaget</b>	<b>side</b>	<b>6</b>
<b>100 års feiringa i BLS</b>	<b>side</b>	<b>10</b>
<b>Årsmelding for Hallingbu</b>	<b>side</b>	<b>11</b>
<b>Sommaravslutninga 8. mai</b>	<b>side</b>	<b>12</b>
<b>Program for vinteren/våren</b>	<b>side</b>	<b>13</b>
<b>Juleavslutninga 2023</b>	<b>side</b>	<b>14</b>
<b>Jubileumsbøker i 2023</b>	<b>side</b>	<b>15</b>
<b>Helgekursa gjennom 40 år</b>	<b>side</b>	<b>16</b>
<b>Landskappleik på Gol i juni!</b>	<b>side</b>	<b>18</b>
<b>Folk i farta</b>	<b>side</b>	<b>19</b>
<b>Infoside om Hallinglaget</b>	<b>side</b>	<b>20</b>
<b>Folkedanskveldar</b>	<b>side</b>	<b>21</b>
<b>Styret i Hallinglaget</b>	<b>side</b>	<b>22</b>

## Fyriord

***Hallinglaget ynskjer alle velkomne til 2024, som blir eit aktivt år ...***

***Dette året er Hallinglaget heile 125 år – så det er eit jubileumsår for Laget med mykje ekstra moro!***

Eg anbefaler at alle som har tenkt å være med på moroa å melde seg inn som medlem i Laget – for alle vaksne i jobb vil tjene på det! :=) Studentar kjem normalt inn til medlemspris, så dei får melde seg inn om dei liker oss veldig godt!

Dei siste åra har vore bra for Hallinglaget, med særst gode danseøvingar og kurs! Ein stor takk til vår særst dyktige og inspirerande danselariar Ulf-Arne Johannessen som instuerer på beste måte og lærer folk å danse på sparket om det skulle kome 10-15 nye dansera på ei øving! Det er moro å oppleve kor fort folk kan lære å danse om dei får instruksjon på beste måte. Gnistrande godt dansespel er også viktig og at dei mange gode danserane på øvingane hjelper til! Laget sin eigen A-klasse spelemann, Åsmund Fauske Jøtun, får også med folk på øvingane, så no kryr det av ungdom på øvingane våre. Stemninga på øvingane er så bra at for underteikna er det dei beste timane kvar 14. dag! Det å arrangere dansekveldar med dei beste folka er faktisk den beste pensjonistaktivitet ein kan ønske seg. Likevel, etter 20 år som leiar håper Terje på avløyning neste år. men han kan bidra med litt hjelp og opplæring om det trengs.

Hallingspringaren er i vinden! – og merk dykk at det er Landskappleik på Gol i juni no i år! No har du din livs mogelegheit til å lære deg springaren, for det blir springardans kvar veke framover. Hallinglaget har 10 øvingar denne vinteren/våren og Minikurset som var 14. januar samla opp mot 30 deltakerar der heile 15 nok var under 25 år. Leikarringen i BUL vil skipa til to dansekveldar i hallingspringar, der medlemmer i Hallinglaget og BUL kjem inn gratis :=) Og sundagen 7. april arrangerer Folkedansnemnda i BLS «Arkivdansekurs i Hallingspringar» Så møt opp på noko!

Sjølvsagt satser Hallinglaget på å bli med på Lagdansen under Landskappleiken på Gol! – og kanskje øve litt også! Laget takker vår spelemann og nestleiar Åsmund Fauske Jøtun som har ivra for lagdans heile tida og har fått veldig mange gode danserar til å danse for Hallinglaget. I fjor deltok me i lagdans på Landskappleiken i Lom med heile 10 dansepar. Det var imponerande.

Til sommaren blir det også stor aktivitet på Hallingbu, marka er vakker og hytta vår er unik! Interesserte kan tipse folk i Laget så får dei vite om alle turane dit denne sommaren.

Takk til alle som skaper liv og glede rundt seg. Mykje av det me sett pris på er beskrivi i dette bladet, så sett dykk ned og kos dikkon med avisa. Me som er med i laget synes at dansen heldt oss unge i kropp og sinn. Laget treng ein del rekruttering i styre og stell, så sjå det som positivt om nokon ringer deg for å høyre om akkurat du kunne tenke deg å være med! Si også i frå om du kjenner nokon som er interessert i hallingkultur og få dei med på ei øving...

***Leve Hallinglaget og Nordahl Bruns gate 22!***

*Beste helsingar frå  
Terje Grangård,  
Leiar i Hallinglaget*



# INNKALLING TIL ÅRSMØTE I 2024 I HALLINGLAGET I OSLO

Me kallar inn til årsmøte for Hallinglaget  
Onsdag 28. februar kl. 17:30  
i  
HALLI  
Nordahl Bruns gt. 22.

## Sakliste:

1. Val av ordstyrar og referent
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Godkjenning av årsmelding for styret og hyttestyret for år 2023
4. Godkjenning av rekneskapen for 2023
5. Arbeidsplan for år 2024. Hallinglaget er 125 år!  
Trequ me å skipa til ei jubileumsnemnd (4-6 pers.) ?  
eller klarer Styret å handtere dette ?
6. Dugnadsarbeid på Hallingbu: Reparere, skrape og måle glaset i stugua. Beise hytta og uthus. Måle bølgeblekketaka og rydde litt skog og lage til ved. Vaske litt i hytta.
7. Val av nytt styre (4–6 pers.), hyttestyre (3-4), bladnemnda (3) og valnemnda (2–3)
8. Velje representantar til Årsmøte i BLS 11. mars.
9. *Diskusjon:*  
***Visjonar for framtida for Hallinglaget og Hallingbu.***  
Hallingbu krev meir vedlikehald og tilsyn, korleis klare det?

Saker som ein ynskjer skal takast opp, må vere styret i hende seinast 16. februar 2024.

Berre dei som har betalt medlemskontingent for 2023, har røysterett på årsmøtet. Alle interesserte er velkomne til å høyre på.

Det vert servering av kaffi/te og kaker.

Styret håpar på godt frammøte. Etterpå er det gild springarøving!

## Årsmelding for Hallinglaget i Oslo 2023

### Styret:

Leiar: Terje Grangård.  
Nestleiar: Åsmund Fauske Jøtun.  
Kasserar: Gro Sissel Taraldrud.  
Skrivar: Heidi Wie.  
Styremedlem: Else Mohn.  
Styremedlem: Unni Johannessen.

### Hyttestyre:

Hyttesjef: Else Mohn.  
Medlemer: Michel Gascoin og Johnny Lund.

**Bladstyre:** Terje Grangård, Else Mohn og Olav Arne Løstegaard.

**Danseleiar:** Ulf-Arne Johannessen.

**Valnemnd:** Svein Aasen, Hilde Hjetland og Olav Arne Løstegaard.

**Revisor:** Alix Cordray.

Skal ein summere opp året 2023 må det være at det har vore eit enno betre danseår enn 2022, som i fjor var det beste danseåret i nyare tid! Kor skal det ende, snart er Halli for liten til oss, det er i alle fall krevjande å få alle til bords når me er over 40 deltakerar på ei øving! Men triveleg er det, så det får halde! Aldri har så mange deltakerar kome innom, så dansen har gått over glatte golv til supert dansespel og instruksjon. Meir om øvingane og dansinga seinare.

Årsmøtet var halde den 1. mars og samla 7 positive deltakarar. Dette året gjekk mangeårig nestleiar og styremedlen Berit Grøtt Ellefsen av etter sin store innsats gjennom mange år! (snart 20 år!). Unni Johannessen vart med som ny styremedlem, og ho er eit friskt pust frå Ål. Unni vart ønska velkomen i Styret og ei lita gåve til Berit var klar! Berit var ikkje med på årsmøtet og kom heller ikkje på nokon annan øving dette året! (mange barnebarn!) – så korleis få levert henne gáva og applaudert henne for innsatsen Tenk berre på alle småmatgrytene ho har vore med å laga for laget! Me håper på gjensyn i det nye året, det er langt til Konnerud, men ho har lova å kome innom ein onsdag ....

Takk til medlemene som støttar opp om laget og melder seg inn og betaler medlemsavgift! Det er viktig at laget vårt har eit visst antal medlemmer slik at laget vårt er å rekne med i BLS og Noregs Ungdomslag. I 2023 hadde laget 26 fullt betalende medlemmer, av desse var ein medlem under 26 år Det er bra og me takkar også våre 5 bimedlemer (fullt medlem i anna lag i BLS) som støttar opp om laget.

Med fullt kjøyr framover så håper Hallinglaget på minst like mange medlemmer i 2024, så betal medlemsavgifta om du kan/vil! Merk at det er ekstra rimeleg for dei under 26 år å bli medlem (kun 250 kr.), for dei som er over 26 år koster fullt medlemskap 400 kr.

### Øvingskveldar i laus og hallingspringar

Dette året har det vore gilde øvingar i laus og hallingspringar! Det var veldig bra at folk kjem for å danse og stemninga på øvingane har vore topp. Vår særsgode danseleiar Ulf-Arne Johannessen har sørnga for god instruksjon. Ein stor takk til spelemennene våre, ofte veksler Åsmund og Ulf-Arne på å spele, henholdsvis på hardingfele og einrader. Dette skaper variasjon og glede og gjer at begge også kan danse! Mange andre har også spelt hardingfele på øvingane våre, slik som vårt unge spelemannstalent Kjetil Meberg Myhren. Elles har Lars Fivelstad Småberg og Jegeir Trøim spelt på

hardingfele. Dessutan har desse gode spelkvinnene spelt: Andrea Søgner på Langeleik og Saimi Kortelainen (Estland) på hardingfele.. Kjempagodt spel av alle saman – dei vil sikkert spele neste år også ... så møt opp neste år og opplev dansesepel av beste merke ....

Dei artige øvingane våre er basert på dugnad og er eit viktig bidrag til kulturarbeidet som Hallinglaget gjer i hovudstaden. Frammøtet i år har vore særst godt slik som oversikten nedanfor viser:

Deltaking på øvingskveldane vinter/våren 2023:

<b>18. jan</b>	<b>1.feb</b>	<b>15. feb</b>	<b>1.mar</b>	<b>15. mar</b>	<b>29.mar</b>	<b>26.apr</b>	<b>10.mai</b>	<b>10.mai</b>	<b>7. jun</b>
<b>19</b>	<b>17</b>	<b>21</b>	<b>28</b>	<b>18</b>	<b>19</b>	<b>25</b>	<b>20</b>	<b>19</b>	<b>23</b>

Deltaking på øvingskveldane hausten i 2023:

<b>30.aug</b>	<b>13.sep</b>	<b>27.sep</b>	<b>11.okt</b>	<b>25.okt</b>	<b>8.nov</b>	<b>22.nov</b>	<b>6.des</b>
<b>32</b>	<b>26</b>	<b>27</b>	<b>31</b>	<b>48</b>	<b>26</b>	<b>30</b>	<b>45</b>

Gjennomsnitt pr. øving er 26 danserar og samla deltakertal er heile 474 dette året! Heile 18 fekk diplom denne hausten og totalt har 93 ulike personar vore innom! Fantastisk! Takk til alle som var med og dansa! Styret håper at dette fortset! Statistikk er moro når det går so bra!

### **Gild lagdans på Landskappleiken i Lom**

Godt beskrivi i siste nummer (2/23) av Hallingljom: Lagdansen på Landskappleiken var ei oppleving på fleire måtar! Her spelte Kjetil Myhren bra og me var heile 10 par! Folk dukka opp frå alle kantar når me skulle på scena og alle gjorde så godt dei kunne! Eg synes me dansa bra, men domarane syntes me var noko oppjaga? Kanskje ikkje så rart då me ikkje hadde fått øvd, for endringar i rekkefølga gjorde at mange var med i lag rett før oss! Men du så moro å være 10 par og få samla så mykje bra folk i Lom, ein torsdag i juni! Biletet som vart tatt av oss vart bra og får nok samleverti: for så mykje bra dasarara frå Osloområdet skal ein leite lenge etter. Med litt meir øving ligg me godt an til neste Landskappleik på Gol... Kom og dans!

### **Minikurs, folkedanskveld og helgekurs dette året**

Det var to minikurs på sundagar dette året, 5. februar og 3. september. Begge kursa samla bra med deltakarar, det var over 20 på kurset i september. Ulf-Arne Johannessen frå Ål var super instruktør på begge desse kursa og spelemenn var Åsmund Fauske Jøtun og Kjetil Meberg Myhren. Desse gjorde ein fabelaktig jobb. Desse kursa er så bra at folk dansa overraskande bra etter berre halvannen time!

Hallinglaget var også tilskipar av Folkedanskvelden på desse sundagane. Hallinglaget takker alle dei som hjalp til! Desse kveldane er viktige både for laget og BLS. BLS støtter laga som bidrar med tusen kroner og dette er nyttig inntekt. Laget treng faktisk nokre inntekter for å klare seg. Alle må merke seg at Folkedansnemnda i BLS arbeider hardt med å halde liv i sundagsdansen, og folk som dansar i Hallinglaget er av dei som møter opp. Møt opp du også, siste FDK før jul samla over 100 personar.

Laget dreiv aktiv marknadsføring for Helgekurset vårt som var bestemt til helga 14. og 15. oktober! Helga kolliderte litt med 100 års jubileumshelga til FolkOrg i Bergen, men det var jo bra det skjedde noko for dei som var att i Osloområdet! Då ti kvinner var påmeldt med ein gong, så gjekk resten av marknadsføringa til å få med menn! Det gjekk ganske bra! Veldig bra kurs og imponerende kvinner som tok ansvar og lærte seg kardansen også. For det var nok nesten 20-10 i favør kvinner – fantastiske dansejenter! Her lærer ein hallingspringaren skikkeleg, helgekursa våre er særst gode og intense, dei går frå kl. 12 til 16 både laurdag og sundag, med ein super lunsj midt på. Hallinglaget takkar alle som bidrog her. Fyrst instruktørane Ulf-Arne Johannessen og Karianne Jorde Holestøl, begge A-klasse dansarar, og våre gode spelemenn Kjetil Meberg Myhren og Åsmund Fauske Jøtun. Fantastisk dansespel til særst grundig og god instruksjon. Og utan dugnadsfolk så får me ikkje til kursa våre. Ein stor takk til Else Mohn, Gro Sissel Taraldrud, Unni Johannessen, Helen Engelstad Kvaalem samt

altmoglegmannen Terje Grangård som får med folk, trekker i mange tråder og danser med alle! Det er ei glede, for nokre dansejenter! Dei kvinnene som lærte seg kardansen burde alle fått ein premie! Me bytta ofte så det gjekk veldig bra. Det er få stader ein kan lære meir dans på ei helg enn her.

### **PR-arbeid og lagsarbeid**

Ein kan følgje med på aktivitetane våre på Facebook-gruppa «Hallinglaget i Oslo» og på Instagram «Hallinglaget». Der er det bilder og videoar av aktivitetane våre. Dei som er registrert med e-post får mykje info. om kva som skjer i laget. Styret synes det viktigaste laget gjer er å halde liv i dansemiljøet i hovudstaden, og takker alle som kjem og dansar og bidrar til det gode samhaldet i laget.

Dette året har me hatt eitt elektronisk styremøte i januar og to fysiske styremøter, eitt i april og eitt før fyrste øvinga 31. august. Ved sidan av desse møtene har det blitt mange epostmeldingar der me har planlagt aktivitetar og drift. Når me samlast til styremøte i Nordahl Bruns gate blir pizza servert, det gir god stemning under møtet. Her får me også vite litt om kva folk driv på med privat!

Lagsavisa Hallingljom har også dette året kome ut i to eksemplar, etter heltemodig innsats av underteikna. Begge utgåvene i år er trykt i farger hos CopyCat på Helsefyr, det er fine utgåver som me håper folk set pris på. Papirkopier av avisa blir no berre sendt ut til medlemene og til dei dei som kjem på øvingar og kurs. Men alle på epost-lista til Hallinglaget får avisa på elektronisk form. Arbeidet med lagsbladet er viktig, både for PR-arbeidet og når me skal søke om stønader til lagsdrifta. Hallingljom er ein viktig årsak til at aktivitetane går så bra som no. Terje er eldsjel for avisa, og han set umåte pris at andre skriv noko også. Artige bilder er også viktig for ei god avis. Difor må alle være hjelpsomme med å sende inn bidrag i form at tekst og bilder.

Nettsidene til Hallinglaget finn ein på [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net). Her finn ein aktivitetane under eigen side samt ei side med linkar til dei siste utgåvene av Hallingljom.

### **Juleavslutninga**

Juleavslutninga 6. desember var vellykka, med super konsert og dansespel i Halli som var rigga til på beste måter med pynta bord i ein halvsikkel, der me fekk benka heile 45 som var innom denne kvelden! Ja, me kom vel ut av tellinga, alle måtte danse til det gnistrande dansespelet! I år var det også masse kaker og den beste gløgg. Takk for super konsert og dansespel ved Saimi Kortelainen og særst godt dansespel ved Andrea Søgner og Åsmund Fauske Jøtun. Kvelden var so bra at det er ein eigen artikkel om juleavslutninga i avis, les den også! Diplommar til dei som hadde delteke på 75% av øvingane (minst 6 gonger) vart delt ut, heile 18 hadde klart det! Det var ein gild kveld, ein stor takk til alle som kom.

### **Stønader og anna**

Dette året fekk Hallinglaget særst nyttig driftstønad både frå Skue Sparebank og frå Sparebank 1 Hallingdal Valdres. Som tidlegare år fekk me også stønad frå Folkekultur-forbundet i Vågå for øvingane våre som me også køyrer som kurs med naudsynt instruksjon

Også dette året søkte laget støtte frå Norsk senter for folkemusikk og folkedans i Trondheim til Helgekurset og fekk det til alles glede. Utan denne stønaden hadde det vore særst vanskeleg å skipa til eit så stort helgekurs!

Laget fekk ikkje momskompensasjon dette året, for nytt av året var eit heilt nytt opplegg får å få det! No må det lages ein eigen moms-rapport for aktuelle bilag gjennom året. Laget satsar på å få dette på plass for 2023 slik at me får utbetalt momskompensasjon att.

Likeins har me nokre støttespelarar som har sett opp Hallinglaget som bidragsmottaker ved Norsk Tipping. Alle monne drar så det er viktig at nokon er vakne og passer på ulike søknads-frister.

**Bygdelagssamskipnaden (BLS) feira 100 år** dette året med mange store arrangent, så mykje at det kjem ei ekstra side me info. om dette etter denne årsmeldinga, for Hallinglaget var med her også!



Aller viktigast er det at folk kjem på øvingane og tilskippingane våre. Hallinglaget rettar ein kjempestor takk til alle som bidreg og som tar i eit tak for laget. Har de noko på hjarta, så skriv det i bladet vårt! Hallinglaget set stor pris på at folk skriv og engasjerer seg i det som me driv med. Vel møtt til det nye året når me startar opp, til leik og moro og eindel jobbing.

Takk til alle som stiller opp for laget.

*Leve Hallinglaget!*

*23. jan 2024,  
Terje Grangård*



*Dansen har gått over glatte golv i Halli denne hausten, med litt instruksjon og mykje moro!*



## BLS feira 100 års-jubileum dette året

BLS fekk til mykje bra feiring av 100 års jubileet sitt! BLS har halde til i Nordahl Bruns gate sidan 1923! Sjølv sagt hadde også ein del folk i Hallinglaget vett til å være med på dette! Fyrst ut var den store feiringa på Rådhuset med Ordfører Marianne Borgen, med taler, underhaldning, prat, omvisning og med champagne og kanapeer i massevis – før turen gjekk til ein forrykande dansekveld oppe i lokala til BUL i Rosenkrantz gate 8. Det mest rare var at underteikna måtte bruke titals timer på å få med 10 personar på denne gilde kvelden!

Elles var det ei stor samling på Hallingbu, der over 30 personar var innom hytta vår på «Fem hytter på ein dag». På sjølve Jubileumsframsyninga på Det norske Teateret vakna endeleg folk: med over 200 deltakerar på scena som synte mykje av det laga driv på meg og med over 400 gjester i salen vart det ei minneverdig polynese og danseøkt i dei sær fine lokala der. Og her var også den nye Kulturministren til stades, med tale og gode ord. Vår eigen BLS-Leiar Gert Fredrik Malt levert sær gode taler på desse arrangementa. Hallinglaget stilte med heile 6 par som synte hallingspringaren vår under Bygdedans-stafetten under framsyninga. Det var eit ungdommeleg og friskt innslag, godt «hallingspel» ved Vegar Vårdal som hadde ansvar for heile framsynga. Filmen av framsyninga vart også vist på siste Folkedanskvelden før jul, der det var over 100 til stades og alt var gratis! Beste festen var det Folkedansnemnda som stod for: Småviltlaget, dei beste av dei beste, sørge for gamaldans og pols av beste merke og det var bygdedansar av alle slag, samt stildans, turdans og songdans. Alle salar var i bruk! Og då eldsjelen Svein Aasen sponso heile spelhonoraret til Småviltlaget gjekk heile festen med overskot! Med alle som sørge for festen, det var påsmurt mat og kaker så det heldt, så var det over 200 til stades denne kvelden. Folk hadde tårer i augene, det var eit pust frå gamle dagar, slik som festane til Rhundsnuen for 20 år sidan. Imponerende å få det til :=)



*Terje og Åsmund før det brakar laus i Rådhuset!*



*Trond og Terje, pustar ut etter Rådhuset!*

*Tre av dei som hadde vett i å kome i Rådhuset i mars, der det var omlag 250 til stades ...*

## Årsmelding Hallingbu 2023

Mange fine små turar har det vore til Hallingbu i år, og dugnad var det Terje og Johnny som stod for. I juni tok dei turen inn i Lillomarka og gav vindskiene på både hytta og uthuset ein naudsynt omgang med beis, og sidan Johnny er målar av yrke veit me at no held dei i mange år til. Medan dei var i gang planla dei nye turar neste år for å få satt istand glaset i stugua, det ser me fram til :)

Tre dagar seinare vandra ni stykkjar opp til hytta på den årlege spikjikkjøtturen, været var varmt og det var godt å være ute. Om ein ikkje har vore på hytta tidlegare er Spikjikkjøtturen ein fin tur å bli med på, der ein får følgja med fleire gjennom skogen, får servera god spikjimat i godt selskap og kan bli kjend med hytta på ein kveld. Du er varmt velkommen!



*Hallingbu sommaren 2023, etter at vindskiene har fått på etterlengta beis! No skin dei!*

Hallingbu var saman med dei fleste lagshyttene i Lillomarka med på BLS si jubileumsfeiring 100 år, med arrangementet «Fem hytter på ein dag»

Terje var vertskap og gjorde den jobben sjølv sagt med glans! Over 30 personar var innom Hallingbu og folk kosa seg både ute og inne. Dagen var så vellykka at Terje slo fram på om Hallinglaget bør vurdere om me skal ha ein open dag kvart år – kanskje i samband med ein dugnad, så det er folk og god stemning på hytta. Til døme med grilling og kaffikos.

Eit ordentleg godt forslag som me kan tenkja på å få til i 2024.

I alle fall vil me få til ein god dugnadstur, ispedd mykje tid til berre å vera i skogen, vera på hytta, vera i lag utan å måtte gjera nokon verdens ting

Når det kjem til overnattingsturar i år stod som vanleg Michel for den. Han er med i Hyttestyret og er ein sær ivrig venn av Hallingbu til tross for at han bur i Fredrikstad.



Ynskjer alle gamle og nye Hallingbu-venner velkommen til hytta som det er så lett å bli glad i, som ligg så fint oppe på kollen og ser ned på Ormtjern, tenk så heldige me er- ha ei slik hytte midt i Oslomarka!

Så om du har lyst er det berre å seia i frå, Hallingbu ligg der og ventar på kanskje nettopp deg, og oss alle.

*Else Mohn  
Hyttesjef*

### ***Sommaravslutning med Arne Anderdal og Jo Asgeir Lie !***

#### ***Hurra! Hallinglaget i Oslo får gildt besøk frå Voss den 8. mai!***

Både **Arne Anderdal** og **Jo Asgeir Lie** kjem for å halde konsert og spele til dans for oss denne kvelden! Så det blir sommaravslutninga si; for desse to var spelemannsnominerte på Folkelarm i haust med siste plata si som heiter: «50-7-52» i kategorien Dokumentasjon. Begge desse karane arbeider på Ole Bull Akademiet på Voss, Arne som høgskolelektor og Jo Asgeir er rektor på Akademiet!

Godkarane er hjarteleg velkomen til Hallinglaget i Oslo 8. mai, det blir konsert og heftig dansespel, både gammaldans og hallingspringar heile kvelden! Sett av kvelden alt no!



Arne Anderdal og Jo Asgeir Lie har plukka ut runddansmusikk frå heile Hallingdal på denne produksjonen.

Runddansen, eller gammaldansen kom for fullt utover på 1800-talet, og også i Hallingdal sette musikken og dansen sterke spor etter seg. Tittelen 50-7-52 syner tilbake på dei tre vegane som går gjennom dalføret, fv 50 Hol-Aurland, Rv 7 som går gjennom heile dalen, og Rv 52 Hemsedal, som strekkjer over mot Lærdal. Arne Anderdal har saumfara lydarkiva i heile Hallingdal, og funne mykje spanande runddansmusikk. Alle tre vegane aust-vest er representert i dette store kjeldematerialet, og dette gav namnet på plata: 50-7 -52.

## **HALLINGLAGET i OSLO vinter/vår 2024**

### **Program i Halli, Nordahl Bruns gt. 22.**

**Det er øvingar desse onsdagane:**

For meir info.: *Meld dykk på e-post-lista til Hallinglaget, eller bli ven på Facebook!*

<b>17. jan.</b>	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00
<b>31. jan.</b>	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00
<b>14. feb.</b>	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00
<b>28. feb.</b>	<b>Årsmøte 17:30/</b> Springarøving kl. 19:00 - 21:00
<b>13. mar.</b>	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00 <b>PÅSKA 2024</b>
<b>10. apr.</b>	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00
<b>24. apr.</b>	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00
<b>8. mai</b>	<b>Danseøving</b> kl. 18:30 - 21:00 <b>Konsert og dansespel ved Arne Anderdal og Jo Asgeir Lie!</b>
<b>22. mai</b>	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00
<b>5. jun.</b>	<b>Sommaravslutning kl. 18:30 - 21:00</b> Laus/Springarøving/Lagdansprøving til LKL på Gol! Utdeling av diplom til ihuga dansarar.

**Sundag 14. januar: MINIKURS I HALLINGSPRINGAR kl. 18:00!**

Hallinglaget skipar til eit nytt Minikurs med dei beste folka! Denne sundagen vil Ulf-Arne Johannessen instruere og Åsmund Fauske Jøtun spele!

**MERK: Hallinglaget skipar til denne Folkedanskvelden frå 19:30-22:30!**

**Onsdag 28. februar: ÅRSMØTE I HALLINGLAGET!**

**Startar presis kl. 17:30 i HALLI !**

Medlemer oppfordrast til å møte! Styret i Hallinglaget set pris på innspel ...

**Andre viktige hendingar dette halvåret:**

**23. – 26. mai: Folkemusikkveka 2022 på Å!**

Sjå: <http://www.folkemusikkveka.no>

Her blir det mykje kjentfolk frå Hallinglaget. Ta nokre fridagar i mai og bli med!

**Onsdag 12. juni: Spikjikjøttur til Hallingbu!**

Opplev hytta vår og Lillomarka på sitt beste ...

**26 - 30. juni: Landskappleik i Gol!**

Hallingdal er vertskap! Sjå: <https://www.landskappleiken.no>

**VELKOMNE SKAL DE VERA!**

Meir info. på [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net)

Facebook: Hallinglaget i Oslo, Instagram: Hallinglaget

**KONTAKTPERSONAR:**

Terje Grangård (482 04 652), ([grangard@online.no](mailto:grangard@online.no))

Åsmund Fauske Jøtun (938 33 229), ([aasmundfauske@gmail.com](mailto:aasmundfauske@gmail.com))

Gro Sissel Taraldrud: (480 34 943), ([gst@cultura.no](mailto:gst@cultura.no))

## Juleavslutninga 6. desember 2023

Juleavslutninga i Hallinglaget var særst vellykka dette året! Alt klaffa, særst god musikk, konsert og godt dansespel, Kjempegod gløgg og masse kaker, både julekake, gommokaker og masse småkaker. Og best av alt, folk kom i flokk og følgje så me var nær opp mot 50 personar i Halli denne kvelden. Det er moro når me lykkast og nesten alle betalte også – så då blir det nok Juleavslutning neste år også. (Det har vore tradisjon dei siste 20 åra – i alle fall).

Fyrst ut var dei kvinnelege musikantane våre, dei er særst dyktig til å spele og dei har mykje utdanning i musikk. Og som ein ekstra bonus er dei veldig gode til å danse også ...



*Saimi Kortelainen, masterstudent på NMH*



*Andrea Søggen, student på Oslo MET.*

Fyrst ut var Saimi Kortelainen med ein liten klassisk konsert (10-12 min), før ho spelte nokre springarar til dans slik ho tolkar dei! Saimi kjem frå Estland og har vore med i Laget i over to år! Takk til henne for gode ord, konsert på både fiolin og hardingfele, samt dansespel. Etter denne innholdsrike halvtimen sette Andrea Søggen i gang med vart og stemningsfullt spel på sin elektroniske Langeleik! Andrea er frå Gol og har vore med i Hallinglaget denne hausten.

Etter desse særdeles dyktige kvinnene smakte det godt med meir gløgg, kaffi, te og kaker ... og prat! Øvingane i Hallinglaget er særst sosiale og det er fast jobb for underteikna og bryte av pausa så me kjem i gang med dansen att! Denne pausa inneheldt også utdeling av diplom, og denne hausten var det heile 18 stk. som hadde vore innoom 6 gonger eller meir! Dette er ny rekord! – for det er krav til 75% prosent frammøte for å få diplom (eks, 6 av 8 gonger).



Åsmund Fauske Jøtun er Hallinglaget sin eigen A-klasse spelemann!

Det er me veldig glade for og han spelar så bra at alle berre MÅ danse som best dei kan!

*Det er heile vitsen ... 😊*



Bakstegjengen var i år om lag som føregående to år, og er vist på biletet nedanfor:



Bakstegjengen frå venstre: Lars Fivelstad Smaaberg, Ane (ekstrahjelp), Solfrid Nestegard Gjeldokk, Åsmund Fauske Jøtun og Silje Risdal Liahagen. Fotograf: Knut Kostveit.

Det er heilt utruleg kor mykje bra kaker me har hatt i år! Styret håper ikkje at nokon får prestasjonsangst? – for etter ei god springarøkt går kakene ned på høgkant! Og kjem det mange må berre kakestykkka skjæres mindre/deles i to! Og laget har alltid noko kjeks og sjokolade på lur!

Denne hausten takkes forutan dei ovanfor nemnte, også desse kakebakarane:

*Else Mohn (3 gonger!), Berit Johannessen, Anne Cathrine Johansen, Unni Johannessen, Ingrid Smette og Helen E. Kvalem. Makelause kakebakarar alle saman.*



### **Jubileumsbøker i 2023:**

1. Til venstre: **FolkOrg si jubileumsbok**, dei var 100 år i 2023, tidlegare LfS. Mykje historisk interessant info her.
2. **Til høgre: BLS var 100 år i 2023.** Jubileumsboka som er skreven av *Vebjørn Bakken* er eit meisterverk og kan anbefalast til alle med eit snev av interesse for BLS og laga i NB gt 22. *Hallinglaget er med i boka!* Den kan ein få kjøpt av BLS/HL.

## HISTORISK INFO. : HELGEKURSA I HALLINGLAGET GJENNOM 40 ÅR!

Hallinglaget har i over 40 år arrangert Helgekurs i hallingspringar, dei siste 30 åra kvar haust!  
**Det at me har klart å gjennomføre dette so lengje er noko eg er særst stolt av!** Dei fyrste 20 åra var eg kasserar og dei siste 20 har eg vore leiar! Om det har vore eit gjennomsnitt på 25 deltakarar på desse kursa so er dette eit bra kulturelt arbeid som er gjort! **Takk til alle som er nemnt !**

Underteikna vart kapra te kurset over 10 kveldar i 1984 og har sidan delteke på alle helgekursa sidan unntatt eitt! Etter det legendariske kurset i 1992 var eg hekta for godt! Vidare studiar over kva som skjedde i åra 1988 til 1991 vil skje, det manglar nok eitt kurs der ...

År	Instruktørar	Spel menn/kvinner
1984	Kurs over 10 kveldar, Gunnlaug Lien. gift Myhr	Magne Myhren
1985		
1986		
1987	Ole Rodegard og Gunnlaug Lien, gift Myhr	Magne Myhren
1988		
1989		
1990		
1991		
1992	Håkon Tveito og Nina Berge	Egil Syversbråten
1993	Oddvar Vestenfor og Nina Berge	Jon Lilleslett
1994	Oddvar Vestenfor og Nina Berge	Jon Lilleslett
Haust	Sissel Flatland, gift Rudningen	Jon Lilleslett og Hilde Kirkebøen
1995	Sissel F. Rudningen	Hilde Kirkebøen
1996	Ola Stave og May-Jorunn Luksengard	Hilde Kirkebøen
1997	Nils-Ove Gjeldokk og Kjellfrid Risset	Hilde Kirkebøen
1998	Nils-Ove Gjeldokk og Sigrun Bæra Svenkerud	Hilde Kirkebøen
1999	Gunnlaug Lien Myhr og Geir Helge Espeseth	Hilde Kirkebøen
2000	Sissel F. Rudningen og Knut Skrindo	Hilde Kirkebøen
2001	Hallgrim Berg og Karin Brennesvik	Hilde Kirkebøen
2002	Thomas Stensgård og Karin Andresen	Jegeir Trøim
2003	Ulf-Arne Johannessen og Ingunn Stræte Sørbøen	Hilde Kirkebøen
2004	Gunnlaug Lien Myhr og Ulf-Arne Johannessen	Hilde Kirkebøen
2005	Knut Skrindo og Hilde Kirkebøen	Ola R. Imset
2006	Ulf-Arne Johannessen og Renate N. Tønnessen	Hilde Kirkebøen og Ola R. Imset
2007	Håkon Tveito og Renate Nysted Tønnessen	Hilde Kirkebøen og Ola R. Imset
2008	Toril (Stave) Kvalvågnes og Bjørn Lien	Hilde Kirkebøen og Ola R. Imset
2009	Ikkje noko Helgekurs (men Jubileumsfest!)	
2010	Ulf-Arne Johannessen	Hilde Kirkebøen og Ola R. Imset
2011	Nils-Ove Gjeldokk og Sigrun Bæra Svenkerud	Olav L. Mjelva og Lisbeth Haraldsen
2012	Sissel F. Rudningen	Hilde Kirkebøen og Ola R. Imset
2013	Håkon Tveito	Ola R. Imset og Hilde Kirkebøen
2014	Ulf-Arne Johannessen og Silje Risdal Liahagen	Sjur Borge
2015	Silje Risdal Liahagen og Simon Hesselberg Løvald	Hilde Kirkebøen og Ola R. Imset
2016	Silje Risdal Liahagen og Simon Hesselberg Løvald	Hilde Kirkebøen og Helga Myhr
2017	Ulf-Arne Johannessen og Silje Risdal Liahagen	Ola R. Imset og Atle Haugen
2018	Knut Skrindo og Sina Myhr	Hilde Kirkebøen



2019	Knut Skrindo og Sina Myhr	Åsmund Fauske Jøtun
2020	Avlyst pga. Korona!	Avlyst!
2021	Avlyst pga. Korona!	Avlyst!
2022	Ulf-Arne Johannessen og Solfrid N. Gjeldokk	Lars Fivelstad Smaaberg.
2023	Ulf-Arne Johannessen og Karianne Jorde Holestøl	Åsmund F. Jøtun og Kjetil M. Myhren

Etter beste evne! Helgekursa vart flytta frå januar til hausten i 1994 og har vore det sidan.

*Terje Grangård*



*Helgekurset hausten 2023 var ein suksess med omlag 30 deltakarar.*

Frå venstre ser me dei som var på plass på sundagen: *Lauritz Buttingrud, Geir Berge Nordtveit, Runa Kvalsund, Wilma Finvik Johnson, Sverre Thorstensen, Ida Beate Løken, Amanda Pihlkjær, Ane Thingstad, Helen Kvalem, Frank Hannasvik, Terje Grangård, Elias Vinje, Heidi Gulbrandsen, Inger Nitter, Hilde Fossum, Johnny Lund, Emma Karlsson, Ingunn Vagstein, Åsmund Johnsen, Unni Johannessen og Anne Stuvøy.*

Framme: *Åsmund Fauske Jøtun, Ulf-Arne Johannessen og Karianne Jorde Holestøl, dvs. spelemann og instruktørar. Kjetil Meberg Myhren spelte halve laurdagen. Takk til alle.*

## LANDSKAPPLEIKEN 2024 KJEM TIL GOL 26.-30. JUNI

No er det ikkje veldig lengje til! Landskappleiken kjem attende til Gol, 52 år etter at han var her sist. På høg tid, kan me vel vere einige om.

Arbeidet er godt i gang med ein hovudkomite og mange underkomitear. Kappleiken startar på onsdag og då er det planlagt ein opningskonsert med lokale utøvarar frå Hallingdal. Dei vilja vise fram breidde og kvaliteten i tradisjonsmusikken og dansen frå Hallingdal. Unge og meir røynde utøvarar er med og det blir sang, dans og du kan få oppleve mange ulike folkemusikkinstrument på denne konserten. Verdt å få med seg den!



*Hovudnemnda for Landskappleiken på Gol 2024. Mykje bra folk !  
Mange kjende på biletet, me ser Åsmund midt bak og Olav Arne er lengst til høgre ...*

Tevlingane går som vanleg på dagtid og inn mot tidleg kveld. På kveldane er det runddans og bygdedans i mange salar. Mykji å gle seg til! Me planlegg å få til ein kort danseinstruksjon i samband med danseøktene på kvelden. Sjølv om du ikkje har dansa så mykje frå før, kan du altså slengje deg med. **ALLE SKAL MED!**

På kveldane vil det også vere tilbod om konsertar av ulike slag. Her kan nemnast at me har plani om å få Gangar til å spele for oss på torsdagskvelden. Dei aller yngste kan gle seg til barneteater på fredagen og sjokoladekappleik på laurdag. **HUGS Å SKAFF DEG EIN Plass Å BU PÅ GOL DESSE DAGANE!** Snart er alt tinga burt?

Me treng framleis mange friviljuge til Landskappleiken på Gol. Meld deg på, så vil du få gratis inngangsbillett på kappleiken. Her er det mykji peing å spare midt i dyrtida. Og, om ikkje det var



nok, me planlegg dansefesthelg på Gol 26-27.04.24 for dei friviljug og mange andre. Då kan du varme opp danseskodne og mjuke opp lårmusklane etter ein lang og kald vinter. MYKJI Å GLE SEG TIL FRAMOVER!

Olav Arne Løstegaard  
i kulturkomiteen

## Folk i farta i Hallinglaget

Hallinglaget stilte med heile seks par på Bygdedansstafetten under Festkonserten i Det norske Teatret (DNT) laurdag den 28. november! Takk til Åsmund Fauske Jøtun og Lars Fivelstad Smaaberg som ordna med denne lagdansen, for det var ein del øving både veka før og på dagen med framsyninga.

Desse deltok med ein frisk og ungdommeleg hallingspringar til spel ved Vegar Vårdal:  
*Åsmund Fauske Jøtun og Sara K, Sneltorp, Lars F. Smaaberg og Isa Holmgren, Unni Johannessen og Anne Cathrine Johansen, Kjetil M. Myhren og Hedda Hernes, Ånund M. Myhren og Tilia Hernes Paasche-Aasen, samt Elias Vinje og Ingunn Vagstein.*

*Ein stor takk frå Laget til dei som dansa på den store scena i DNT.*



*Fint jentu som er innoom Hallinglaget av og til, og dei baker kake også! Foto: Torbjørn Gunhildgard.*

*Til venstre ser me Solfrid Nestegard Gjeldokk som er Styreleiar i Den norske Folkemusikkveka på Ål og til høgre Silje Risdal Liahagen som har vore Dagleg Leiar dei siste åra. Silje gjer seg som leiar etter FMV i mai, så møt opp for å støtte henne og oppleve Ål på sitt beste ...*

*Det blir spanande å sjå kven som tek over etter Silje, for til no har jo alle dei siste leiarane vore gode vener av Hallinglaget, slik som Ulf-Arne og Ingunn ...*

## Medlemspengar i Hallinglaget for år 2024

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 400,-**.

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 250,- Merk!**

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 220,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Styret håper at mange vil være medlem i Hallinglaget i Jubileumsåret! ...

Det er berre å betale til kontonummeret nedanfor. **Hugs namn på innbetalingskortet!**

Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

Vipps kan også brukast, men dei tek 1,75% i gebyr! **Vipps kode: 737 811**.

---

### Medlemskap i Hallinglaget gjer deg desse fordelane:

- Reduksjon i pris på samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar, øvingskveldar og kurs i hallingspringar.
- Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
- Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
- Reduksjon i pris på Det norske Teateret mot å syne medlemskort.
- Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns gt. 22. Kvar søndag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19:30–22:30.
- Redusert pris på Kaffistova, Hotell Bondeheimen og Heimen Husflid.
- Informasjon om andre folkemusikktilskipingar i hovudstaden (post/meldingsliste).

---

### Hallinglaget har fått eige organisasjonsnummer.

Hallinglaget har fått organisasjonsnummer: **982 732 840**, og er nå registrert både i Enhetsregisteret og Frivillighetsregisteret i Brønnøysundregistrene.

Merk dykk at om ein veljar Hallinglaget som grasrotmottakar, får laget får 5 % av det beløp folk tipper for. Dette gjelder for alle spill Norsk tipping har, bortsett frå Flax og Ekstra.

Om du spelar i Norsk tipping er det fint om du også støttar Hallinglaget!

---

### Hallinglaget i Oslo

Webseite: [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net)

Facebook: **Hallinglaget i Oslo**

Instagram: **Hallinglaget**

## TEKNISK ARRANGØR, DANSEMUSIKK OG MINIKURS PÅ FOLKEDANSKVELDAR – 1. HALVÅR 2024

Følg med på [www.bls.no](http://www.bls.no) for oppdatert oversikt

Dato	Teknisk arrangør / Gruppe/spelemannslag	Minikurs
<u>Januar '24</u>		
07.	NB! Ingen søndagsdans! (Saffa-kurs)	
14.	Hallinglaget / Gudåmleg	Hallingspringar
21.	Folkedansnemnda / Bærum spelemannslag	Film frå 28/10
28.	Hardinglaget / Eiker Spellemannslag	Finnskogspols
<u>Februar '24</u>		
04.	Folkedansnemnda / Flatlusa + Rolf, Jan og Magne frå Småviltlaget	Arkivdansekurs «Med hjertet i Rørospolsen»
11.	Hordaringen / Østerdølenes Spellmannslag	Rørospols
18.	NB! Ingen søndagsdans! (Start vinterferie)	
25.	NB! Ingen søndagsdans! (Rørosmartnan)	
<u>Mars '24</u>		
03.	Symra / Symradern og Att og Fram	Nordiske samdanser
10.	Frøy / Kveik	Polsdans frå Nordmøre
17.	Hordaringen / Fanteladdene	Finnskogspols
24.	Ingen søndagsdans - Palmesøndag	
31.	Ingen søndagsdans - 1. påskedag	
<u>April '24</u>		
07.	Folkedansnemnda / Bærum spelemannslag	Arkivdansekurs Hallingspringar
14.	Numedalslaget / Steinsgårdskroken	Numedalspringar
21.	Hordaringen / Dølalæte	Springleik
28.	Valdreslaget / Østerdølenes Spellmannslag	???????
<u>Mai '24</u>		
05.	NB! Ingen søndagsdans! (Rørosleken)	
12.	Symra / Farande Fant	Nordiske balldanser
17.	Folkedansnemnda / De Frilynde	Ikkje minikurs
19.	Ingen søndagsdans – 1. pinsedag	

Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Brunsgate 22, Oslo, søndagar kl. 18.00 til 22.30.

**Inngang Folkedanskveld:**

Medlemmer kr 150,- / ikkje-medl. kr 200,- / Studentar kr 100,-

**Inngang Minikurs:** same som over!

*Dvs. at ein får Minikurset attpå! Og ein får også vaffel, kaffi eller té i pausa!*

Beste helsing

**Folkedansnemnda i BLS**

## Styret i Hallinglaget 2023-2024

<b>Leiar:</b> Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 482 04 652 – mobil E-post: <a href="mailto:grangard@online.no">grangard@online.no</a>
<b>Nestleiar:</b> Åsmund Fauske Jøtun Dalehaugen 8, 0657 Oslo	Tlf: 938 33 229-mobil E-post: <a href="mailto:asmundjotun@gmail.com">asmundjotun@gmail.com</a>
<b>Kasserar:</b> Gro Sissel Taraldrud Myrlia 51, 1453 Bjørnemyr	Tlf: 480 34 943 – mobil E-post: <a href="mailto:gst@cultura.no">gst@cultura.no</a>
<b>Skrivar:</b> Heidi Wie Dyringveien 67, 1385 Asker	Tlf: 975 23 734 – mobil E-post: <a href="mailto:heidi.wie@outlook.com">heidi.wie@outlook.com</a>
<b>Medlemer:</b> Else Mohn Stivivegen 86, 3677 Notodden	Tlf: 958 79 270 – mobil E-post: <a href="mailto:helsemor@hotmail.com">helsemor@hotmail.com</a>
Unni Johannessen Bilbakken 3, 3570 Ål	Tlf: 926 84 876 – mobil E-post: <a href="mailto:unni.johannessen@me.com">unni.johannessen@me.com</a>

---

### Bladstyre for Hallingljom:

**Leiar:** Terje Grangård  
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo

Tlf: 482 04 652  
E-post: [grangard@online.no](mailto:grangard@online.no)

**Medlemer:** Else Mohn og Olav Arne Løstegaard.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Terje Grangård eller til ein i Styret.

### Hyttestyre for Hallingbu:

**Leiar:** Else Mohn  
Stivivegen 86, 3677 Notodden

Tlf: 958 79 270  
E-post: [helsemor@hotmail.com](mailto:helsemor@hotmail.com)

**Medlemer:** Michel Gascoin og Johnny Lund.

**Danseleiar:** Ulf-Arne Johannessen

Tlf.: 477 56 565

**Revisor:** Alix Cordray

Tlf.: 917 66 051

**Valnemnd:** Svein Aasen, Hilde Hjetland og Olav Arne Løstegaard.

### Hallinglaget på nettet:

Nettadressa er: [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net) Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård  
Sjå også: [www.bls.no](http://www.bls.no), [www.folkedans.com](http://www.folkedans.com) og [www.folkemusikkscena.no](http://www.folkemusikkscena.no) .

Hallingbu



ERB  
JR.96